



Hordaland Fylkeskommune  
Regionalavdelinga / NKOM

5020 BERGEN

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Egil Eide	993 56 126	2018/890-6		14.05.2018

## Søknad om breibandstøtte i Hordaland - 2018

Kvinnherad kommune vel i denne omgang å søkja om midlar til 2 områder i kommunen, som manglar tilbod om breiband på fiber. Området har i dag varierende tilgang til internett, nokre på trådløs løysing frå Breiband.no, nokre på ADSL og andre har ikkje noko tilgang. Vi ynsker no ei framtidretta løysing med muligheit til «trippel-nett» på fiber.

Områda vi søker for er:

### 1. Matre fergekai – Åkra

Dette er eit område som ikkje har noko fiberdekning, men deler av dette er i dag dekket av eit trådløst nett levert av Breiband.no, men kundane opplever dette som svært ustabil med nedetid på fleire veker i gangen. I området her er det 37 faste husstandar og 55 fritidsbustadar. Utbygging av dette området må skje ved bruk av høgspenning, lågspenning og tele stolper.

### 2. Snilstveitøy – Skorpo

I dette området har ein del av husstandane tilgang til nett på ADSL, andre har ikkje noko dekning. I området er det 86 fritidsbustadar og 11 faste husstandar.

Utbygging av dette området må gjerast ved å sjøkabel fram til øya, og nytta eksisterande høgspenning, lågspenning og tele stolper til aksessnett for kundane.

Områda som vi i denne omgang søker om midlar til, har eit fleirtall av fritidsbustadar, men vi ser at i dag så er det like stort krav til nettverkstilknytning på denne type bustadar, som det er på faste husstandar.

Med helsing

Egil Eide, Prosjektleder

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*